

Ark.nr. 412.5 Kveite

MELDING FRÅ FISKERIDIREKTØREN

f. nr. 4105/84

J. 68/84.

## FORSKRIFTER OM FISKE ETTER KVEITE I EF-SONA VED VEST-GRØNLAND I 1984.

Fiskeridepartementet har 28. mars 1984 i medhald av § 4 i lov av 17. juni 1955, jfr. kgl.res. av 17. januar 1964 fastsett følgjande forskrifter:

## § 1

Det er forbode for norske farty å fiske kveite (*Hippoglossus hippoglossus*) i EF-sona ved Vest-Grønland.

Utan omsyn til forbodet i første ledd kan norske farty fiske inntil 200 tonn kveite med line.

Fiskeridirektøren kan stoppe fisket når kvoten etter andre ledd er berekna oppfiska.

## § 2

Bifangsten av andre fiskeslag enn kveite som blir beholden om bord kan ikkje vere større enn 20 % av fangsten av kveite.

## § 3

Deltakende farty må melde frå til Fiskeridirektoratet ved adgang til feltet, og må sende kopi til Fiskeridirektoratet av dei meldingane som dei etter vilkåra i EF-lisensen er pålagde å sende til EF-kommisjonen.

## § 4

Denne forskrifta trer i kraft straks.

I samband med desse forskriftene vil Fiskeridirektøren minne om at alle farty som skal delta i dette fisket må ha lisens frå EF.

Norske farty som fiskar etter kveite ved Vest-Grønland er i utgangspunktet underlagt dei vanlege reglane for rapportering til EF og føring av EF-fangstdagbok. Desse pliktene i høve til EF framgår av vedlegget til EF-lisensane. "Melding frå Fiskeridirektøren" J. 3/84 inneheld oversetting til norsk og systematisering av EF-reglane om rapportering og fangstdagbokføring.

For fiske med line etter kveite ved Vest-Grønland i 1984 har EF fastsett spesielle vilkår som kjem i tillegg til dei vanlege reglane for fiske ved Grønland, spesielt for føring av EF-fangstdagbok.

Desse spesielle vilkåra for kveite-fiske er:

## A. Fangstdagboka skal kvar setting av line innehalde

1. Dato
2. Posisjon (start og avslutning)
3. Tidspunkt for setting av line (start og avslutning)
4. Djupne (maksimum og minimum)
5. Talet på krok
6. Type agn
7. Fangst (med spesifisering også av utkastet)

- |                    |                      |
|--------------------|----------------------|
| a) Kveite          | - totalt tal         |
|                    | - vekt (kg)          |
| b) Blåkveite       | - totalt tal         |
|                    | - vekt (kg)          |
| c) Torsk           | - totalt tal         |
|                    | - vekt (kg)          |
| d) Andre fiskeslag | - Rødfisk (kg)       |
|                    | - Flekksteinbit (kg) |
|                    | - Gråsteinbit (kg)   |

B. Prøver av fangsten av kveite, blåkveite og torsk skal takast kvar veke og målast. Måla som blir tekne skal identifiserast separat og klassifiserast i høve til line-setningane, og prøvene skal takast frå ein fangst av rimeleg storleik. Ei prøve på minimum 200 torsk skal målast.

Data frå fisket skal sendast til:

GRØNLANDS FISKERIUNDERSØGELSER  
TAGENVEJ 135  
DK- 2200 København -N

Kopi av EF-fangstdagboka og data om prøvene skal også sendast til Fiskeridirektoratets havforskningsinstitutt, Postboks 1870, 5011 NORDNES (BERGEN).

-----

Fiskeridirektøren vil minne om at norske fiskarar også har ein kvote på 500 tonn blåkveite (*Reinhardtius hippoglossoides*) ved Vest-Grønland og ein like stor kvote blåkveite ved Aust-Grønland. I fisket etter blåkveite gjeld den vanlege EF-regelen om å behalde 10 % bifangst av andre fiskeslag om bord.